Teknisk funksjonsbeskrivelse Carport

Avfallsanlegg SUM Moskog

Innhold

2 Bygning 2

20 Bygning generelt 2

21 Grunn og fundamenter 2

22 Bærande konstruksjoner 3

23 Yttervegger 3

24 Innervegger 4

25 Dekker 4

26 Yttertak 5

29 Hjelpearbeider 6

400 Elektro 6

442 Belysning 7

2 Bygning

20 Bygning generelt

20.1 Generelle krav:

Totalentreprenøren har det samla ansvaret for prosjektering, dimensjonering, koordinering, dokumentasjon og utføring av alle bygningsmessige arbeid.

Alle konstruksjonar skal prosjekterast og utførast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, Eurokodar, relevante standardar og produsentanvisningar.

Bygget skal oppfylle krav til bæreevne, stabilitet, bestandigheit, ulykkeslaster, påkøyrsel, brannmotstand, funksjonalitet og driftseigenskapar. Alle konstruksjonar skal tilfredsstille krav angitt i brannkonsept.

Alle nødvendige konstruksjonar, avstivingar, innfestingar, forbindingsmiddel og detaljar for komplett ferdig bygg skal vere inkluderte, sjølv om dei ikkje er særskilt omtala.

20.2 Dokumentasjon:
Følgjande skal dokumenterast og inngå i FDV:

- Prosjekteringsgrunnlag
- Berekningar
- Produktdokumentasjon
- Nødvendige detaljteikningar
- Som bygd-dokumentasjon

21 Grunn og fundamenter

Generell orientering

Tiltakshavar legg fram situasjonsplan, terrengmodell og teikningar som viser eksisterande terreng og prosjektert golvnivå.

Tomta er grovplanert, og fjell kan påreknast nær dagen.

Entreprenøren skal prosjektere og dimensjonere komplett fundamenteringsløysing, inkludert naudsynt graving, sprenging, fylling, komprimering, drenering og fundament.

Alle mengder og arbeid skal reknast og prisast av entreprenøren basert på utlevert grunnlagsmateriale og eigne vurderingar av forholda på staden.

211 Klargjering av tomt

Tomta skal klargjerast i naudsynt omfang for bygginga. Massar med utilstrekkeleg bereevne skal fjernast, skiftast ut eller forsterkast slik at prosjekterte funksjonskrav vert oppfylte.

212 Byggegrop

Omfattar naudsynt sprenging, graving, fylling, komprimering og lagoppbygging for fundament og golv.

Byggegropa skal drenerast slik at oppfukting, telefare og redusert bereevne vert unngått. Overflatevatn skal leiast bort frå bygget.

216 Direkte fundamentering

Fundamentering kan utførast med punktfundament, stripefundament, alternative eigna løysingar, eller ein kombinasjon av desse.

Fundament og forankringar skal dimensjonerast for alle aktuelle vertikale og horisontale laster.

Alt arbeid med forskaling, armering, betong, forankringar og innstøypte detaljar skal vere inkludert.

22 Bærande konstruksjoner

Alle bærande og avstivande konstruksjonar skal prosjekterast, dimensjonerast og utførast i samsvar med kapittel 20.

Entreprenøren skal prosjektere og inkludere alle nødvendige søyler, dragarar, takbæresystem, avstivingssystem, innfestingar og forankringar for komplett bygg.

Entreprenøren har ansvar for å dokumentere byggets samla stabilitet og at konstruksjonssystemet er tilpassa byggets utforming, laster og bruksføremål.

Naudsynt mellombels avstiving under oppføring skal vere inkludert.

23 Yttervegger

231 Bærande yttervegger

231.1 Endeveggane: Skal fungera som stabiliserande skivekonstruksjonar i samsvar med krav i kapittel 20 og 22.

231.2 Bakvegger: Bakveggen skal fungere som avskjerming mellom parkeringsarealet mot administrasjonsbygget og resten av anlegget, og kan om naudsynt inngå som stabiliserande og avstivande konstruksjon for bygget i samsvar med kapittel 20 og 22.

Det skal leggjast vekt på ei robust og varig løysing med lågt vedlikehaldsbehov gjennom bygget si levetid. Overflater på både inn- og utside skal vere bestandige mot vær, fukt, UV-stråling og normal mekanisk påkjenning, og skal ikkje krevje periodisk overflatebehandling utover ordinært reinhald. Material- og fargeval skal harmonere med administrasjonsbygget og verkstadbygget sin arkitektur og materialbruk.

24 Innervegger

241 Bærande innervegger

241.1 Innerveggane: Skal på same måte som ytterveggane fungera som stabiliserande skivekonstruksjonar i samsvar med krav i kapittel 20 og 22.

25 Dekker

252 Golv på grunn

252.1 Generelt:

Carporten skal utførast med asfaltdekke på grunn.

Carporten skal dimensjonerast for regelmessig parkering, manøvrering og køyring med lastebilar, renovasjonskøyretøy, verkstadkøyretøy og tilsvarande tungtrafikk.

Oppbygging og utføring skal vere i samsvar med gjeldande vegnormalar og anerkjende prinsipp for trafikkareal med tung belastning.

252.2 Golvkonstruksjonen skal minimum omfatte:

- Avretta og komprimert undergrunn
- Forsterkningslag av sprengstein/kult: minimum 300 mm
- Bærelag av knust bergmateriale 0–32 mm: minimum 150 mm
- Avrettingslag 0–11 mm: minimum 50 mm
- Bindelag asfalt Agb 16: minimum 60 mm
- Slitelag asfalt Agb 11: minimum 40 mm

Dekket i bilparkeringane for parkering av bilar skal utførast med fall 1:67 mot avløp eller terreng på baksida for sikker bortleiing av overflatevatn.

Golvet i sone for persontrafikk skal utførast med fall minimum 1:25 mot baksida grunna høgdeskilnaden mellom carporten og parkeringa mellom carporten og administrasjonsbygget.

Dekket skal dimensjonerast og utførast slik at varige deformasjonar, hjulspor eller setningar ikkje oppstår ved normal bruk og føresette belastningar.

Total entreprenør skal kontrollere at oppgitt minimumsoppbygging er tilstrekkeleg ut frå faktiske grunnforhold og belastningar. Nødvendige forsterkingstiltak og auka lagtjukkleikar skal vere inkluderte i entreprisen.

252.3 Dokumentasjon:

Følgjande skal dokumenterast:

- Oppbygging av overbygning
- Materialkvalitetar
- Komprimeringskontroll
- Asfalttype
- Lagtjukkleikar
- Produktdokumentasjon

Dokumentasjonen skal inngå i FDV.

255 Golvoverflate

255.1 Ferdig asfaltdekke: Skal vere jamt, tett og utan synlege skadar, sprekkar, segregasjon eller andre utføringsfeil ved overtaking.

26 Yttertak

261 Primærkonstruksjon for yttertak

261.1 Carport - uisolert tak

Carport skal utførast som opent og uisolert bygg med einsidig takfall mot takrenne.

Takets bærekonstruksjon skal tilbydar prosjektera og utføra i ei robust og varig utføring. Det skal leggjast vekt på minimalt vedlikehaldsbehov i levetida.
Taket skal tekkjast med eit dokumentert taksystem som er eigna for lokale klima- og driftsforhold.

Takrenner og nedløp skal dimensjonerast for aktuelle nedbørsmengder og snøsmelting.

Takvatnet skal til slutt leiast mot flaumgrøfta nord for bygget.

Leveransen skal omfatte:

- Tekking/ takplater
- Innfestingsmateriell

- Beslag
- Takrenner
- Nedløp
- Endeavslutningar
- Tettingar og overgangar

Eventuelle stålkonstruksjonar, beslag og innfestingar skal ha dokumentert korrosjonsvern tilpassa aktuell eksponeringsklasse.

Løysinga skal ha lang levetid og krevje minimalt vedlikehald ut over normalt tilsyn og reinhald. Totalentreprenøren skal vurdere behov for tiltak mot kondens og takdrypp. Vald løysing skal framgå av tilbodet og inngå i leveransen.

29 Hjelpearbeider

Posten omfattar bygningsmessige hjelpearbeider og tilpassingar som er nødvendige for komplett levering av bygget og dei tekniske anlegga.

Arbeidet omfattar mellom anna utsparingar, innkassingar, innfestingar, fundament, forsterkingar, branntettingar, tettingar og andre bygningsmessige arbeid som er nødvendige for montering av tekniske installasjonar.

Dette omfattar mellom anna arbeid for elektrotekniske installasjonar, ventilasjonsanlegg, røyranlegg og eventuelle andre tekniske fag.

Alle nødvendige hjelpearbeider skal vere inkluderte sjølv om dei ikkje er særskilt omtala i dei einskilde postane.

400 Elektro

Det etableres egen fordeling for bygget som skal hensynta lys, bruksstikk og framtidig lading av biler.

Anlegget skal være prosjektert og utført i henhold til gjeldende normer og forskrifter.

4110 Føringsveier

Frå anleggsgrensa +1,5 m og til fordeling skal det leggjast 4 stk Ø110 røyr i kabelgrøft.

Røyrene skal og vera beskytta inntil kabelgrøfta er gjengravd.

Det etableres en samlet føringsvei for både sterk og svakstrøm. Denne skal væra i galvanisert stål, størrelse 400 og gå fra ende til ende av bygget og utstyrt med skilleplate av metal.

For belysning skal det monteres armaturskinner.

Føringsveier fra kabelbru til stikkontaketer skal utføres med galvaniserte stålrør, eller halvrør av galvanisert stål, for beskyttelse mot vær og vind.

4330 Elkraft

Det skal etableres en fordeling for stikk, lys og ekstra plass for minimum 8 fremtidige ladeuttak + 30% reservekapasitet. Det skal være plass i skapet til en dali gateway og eventuell kontroller av ladere. Det skal og være mulig å montere RJ45 kontakt dersom det er behov for det.

Det skal installeres en dobbel 2P/16A stikkontakt IP44, i hver carport, ved hver parkeringsplass.

442 Belysning

Belysningen som skal benyttes i carporten skal være DALI2 styrt og av høy kvalitet, og være prosjektert etter lyskultur sine publikasjoner.

I carporten skal det være armaturer som er IP5x eller bedre, være 3000K, CLO 100000 timer. Disse skal ha integrert styringsautomatikk (dagslys/tilstedeværelse)

Det skal installeres lyskastere på fasade over innkjørslene. Disse skal være 3000K, blendingsfri belysning, ha DALI2 og 100000 timer CLO. Dette styres av dagslys.

Lyset skal være programmerbart og programmert.